

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Førde HF
Dato: 05.06.2015
Sakhandsamar: **Terje Jan Nes**
Saka gjeld: **Forvaltningsplan - Førde sentralsjukehus og Psykiatrisk klinikk avd. Tronvik**

Arkivsak

2010/1758/

Styresak 044/2015 A

Styremøte 19.06.2015

Framlegg til vedtak

Styret godkjenner forvaltningsplanar for Førde sentralsjukehus og for Psykiatrisk klinikk avd. Tronvik.

Oppsummering

Førde sentralsjukehus har to bygningar som er freda i verneklasse 1. Det same er grøntanlegg/uteområde ved sjukehuset. Psykiatrisk klinikk avd. Tronvik har fire bygningar i verneklasse 1 og grøntanlegg/uteområde i verneklasse 2.

Det er krav til utarbeiding av forvaltningsplanar for desse verneområda. Føremålet med forvaltningsplanane er at forvaltninga skal sikre at dei kulturhistoriske verdiane som knytter seg til eigedomen og dei enkelte bygningane vert ivaretekne.

Forvaltningsplanar for objekt i verneklasse 1 skal godkjennast av Riksantikvaren.

Det er utarbeidd framlegg til forvaltningsplanar for dei aktuelle objekta i verneklasse 1 og 2.

Fakta

Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) har 42 eigedomar som er omfatta av forskriftsfredning som er vedteken av Riksantikvaren.

Dei freda objekta dekkjer historisk «det nye Norge» frå 1814 og fram til 1990-talet. Tematisk er både psykiatriske og somatiske institusjonar med, i tillegg til spesialsjukehus og bustader for tilsette.

I plandokumentet opererer ein med to vernekategoriar: Fredning etter kulturminneloven (verneklasse 1) eller vern etter plan- og bygningslova, eventuelt vern som vert forankra lokalt i sektoren/verksemda i samarbeid med Riksantikvaren (verneklasse 2).

Verneklasse 1.

Omfattar bygningar og utomhus/grøntanlegg av særskild høg verneverdi. Desse er eller vil bli freda etter kulturminnelova. Fredinga kan omfatte både eksteriør og interiør, men freding av berre eksteriør eller berre interiør kan også være aktuelt.

Tiltak som kan vere i strid med vernet, skal foreleggast kulturminneforvaltninga i «Sykehusbygg» (nytt HF), og i samråd evt. definere tiltaket som «søknadspliktig». Tiltaket skal då søkjast Riksantikvaren for godkjenning.

Verneklasse 2.

Bygningar og utomhus/grøntanlegg i verneklasse 2 vil ikkje bli foreslått freda etter kulturminnelova, men regulering til omsynssoner med formål bevaring etter plan- og bygningslova kan vere aktuelt for å sikre verneinteressene. Som oftast omfattast bygningar i denne klassen berre av eksteriørvern, men i nokre tilfelle vil også interiør vere omfatta. Forvaltningsplan for Tronvik inneheld objekt (parkområdet) i verneklasse 2.

Tiltak treng ikkje godkjenning av Riksantikvaren (unnateke riving av bygg evt. bygging i parkområdet).

Førde sentralsjukehus har to bygningar som er freda i verneklasse 1. Det same er grøntanlegg /uteområde ved sjukehuset. Psykiatrisk klinikk avd. Tronvik har fire bygningar i verneklasse 1 og grøntanlegg/uteområde i verneklasse 2.

Førde sentralsjukehus er et tidstypisk døme på offentlig institusjonsbygging frå 1970-talet og svært godt bevart sjukehusanlegg frå perioden etter sjukehuslova i 1969. Anlegget har difor høg samfunnshistorisk betydning. Bygningane har også arkitekturhistorisk verdi som representative døme på offentleg byggeverksemd i denne perioden. Materialbehandling og utføring vitnar om høg kvalitet og medviten formgjeving i så vel eksteriør som interiør. Anlegget er prega av medvite ivaretaking av opphavlege element og arkitektoniske uttrykk. Til tross for seinare endringar og påbygg, har anlegget svært høg

grad av autentisitet i heilskap og detaljar som er tidstypiske for sjukehus og institusjonsbygg frå perioden.

Grøntanlegget ved sjukehuset er planlagt som heilskap saman med sjukehusbygningen. Det består av dammar, bru, skulpturar og lauvtre; Uformelt anlagde stiar og vegetasjon dannar uregelmessige dråpeforma labyrintar. Utelys sit i armaturar i låge rettvingla betongkonsollar som også fungerer som benkar. Parken ligg på begge sider av tilkomstvegen inn til sjukehuset. Veggen dannar også ein akse som bind saman sjukepleieskulen i nord og sjukehuskroppen. På sjukehuset er parkanlegget avgrensa med hekk. Variantar av motiva med labyrint og vasspeil vert gjenteke i ein mindre hage på utsida av vestibylen i 1. etg.

Anlegget ved Tronvik har stor helsehistorisk verdi som en av de første opne psykiatriske institusjonane i landet (Fylkessjukeheimen Tronvik). Utviklinga og bruk av psykofarmaka (medisiner) i behandlinga av psykiatriske pasientar medførte andre åtferdsmønster og muliggjorde andre arkitektoniske løysingar med mindre bruk av fysiske tvangsmidlar, og opne landskapsanlegg utan bruk av gjerder. Hovudbygningen og utvidingane på 1960-tallet er i nøkternt formspråk med tidstypisk materialbruk. Anlegget har nasjonal betyding som viktig eksempel på utviklinga innanfor psykiatrien i Noreg og regional betyding ved at dette er den første institusjonen for psykiatriske pasientar i Sogn og Fjordane.

Trass seinare endringar har anlegget høg grad av autentisitet i heilskap og detaljar som er svært tidstypiske for sjukehusanlegg for perioden.

Framlegga til forvaltningsplanar var ferdig utarbeidde pr 31.12.2013. Desse vart så oversendt kulturminneforvaltar Helse Sørøst, som har ein koordinerande funksjon, i januar 2014.

Det vart gjennomført foreleggingsmøte med Riksantikvaren gjennomført våren 2015. Vidare oppfølging:

- Styrehandsaming i Helse Førde juni 2015
- Styrehandsaming i Helse Vest haust 2015

Tinglysing av godkjent FVP kan skje innan utgangen av 2015.

I arbeidet med investeringsplan vil tiltak som gjeld bevaring av freda eigedom verte tekne omsyn til.

Kommentar

Framlegga til forvaltningsplanar er gjennomarbeidde og har følgd den fastsette prosessen. Det vil vere viktig å kunne gjennomføre ei utvikling av verksemda og bygningsmassen i Helse Førde innanfor rammene av fredningsvedtak. Forvaltningsplanen gir oversyn over kva som er mogleg og kva som er avgrensingar for dei verna bygningane i komplekset. Forvaltningsplanen utgreier prosedyrar og rutinar for drift og vedlikehald av eigedomen generelt og dei enkelte verna bygningane og grønntanlegg /uteområda spesielt, og utgreier verneverdiar og forhold som må ivaretakast ved rehabilitering og endring.

Behov og planar for tiltak på sikt

I tilstandsrapport dagsett 20.juli 2011, utarbeidd av Multiconsult, er det konkludert med betydeleg vedlikehaldstrong for Førde sentralsjukehus (FSS). Av dei freda delane av FSS gjeld dette vindauge og dører i yttervegg til hovudbygg og teknisk sentral. For teknisk sentral omfattar det også takteking og nedløp som er plassert i tilstandsgrad 3. Det betyr tilstand for strakstiltak.

I vestfasaden er utskifting av vindauge til pasientrom frå 4.etg og oppover, utført. Utskiftinga er gjort i samarbeid med Riksantikvaren. I tillegg til vindauge i yttervegg er der også trong for utskifting av dører i freda korridorar på grunn av funksjon og brannteknisk oppgradering. Korridorar er lukka mot vestibylar/heisområde og trapperom med dører i aluminium og glass. Dører har røykskillefunksjon av omsyn til sikker røming i branntilfelle. Dører er ikkje tette som følgje av nedslitne hengsler. Dørblad slår mot kvarandre og oppfyller pr idag difor ikkje røyktetningskravet. Også dører frå korridor og til rom som skal vere eigen branncelle, fyller ikkje krav i TEK10 om tettleik. Det er også uvisst om sjøve dørkonstruksjonen oppfyller TEK10 kravet. Oppgradering vil vere eit vedvarande behov avhengig av bruk og slitasje. Arbeidet er søknadspliktig.

Generelt kan det nemnast vernet ikkje medfører dei store utfordringane for Helse Førde. Tiltak som skal føreleggast Riksantikvaren krev god dokumentasjon, og ein ser igjennom konstruktiv dialog at nødvendig» tiltak finn si løysing.

Konklusjon

Framlegg til forvaltningsplanar for bygg og uteområde ved Førde sentralsjukehus og bygg og uteområde ved Psykiatrisk klinikk avd. Tronvik har gjennomgått naudsynte prosessar og er klare for styrehandsaming.

Det vert tilrådd at planane vert godkjende slik dei ligg føre.

Vedlegg:

1-4: Forvaltningsplan Førde sentralsjukehus

5-11: Forvaltningsplan Psykiatrisk klinikk avd. Tronvik